

Årsmelding Vassvøri sogelag 2014.

Laget er tilslutta Hordaland sogelag. Landslaget for Lokalhistorie og Landslaget for lokal- og privatarkiv. Sogelaget held møta sine i egne lokale i heradshuset på Evanger.

Årsmøtet vart halde i heradsstyresalen i heradshuset på Evanger, laurdag 29. mars kl. 16:00. Det var 21 frammøtte lagsmedlemer.

Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte alle velkomne. Grethe stod for leiing og gjennomføring av møtet.

Møtet vart innleia med 1 minutt stille for dei 3 lagsmedlemane Birger Akselberg, Jon Hjørnevik og Leif Larsen som var gått bort.

Det var ingen merknadar til innkallinga eller til rekneskapen.

Styret har i funksjonsperioden hatt 6 styremøte.

Sogelaget har hatt eit aktivt år.

20-års jubileumsfest: Litt forsinka, men på årsmøte-kvelden 2014 heldt sogelaget 20-års jubileumsfest i Gildehallen hjå Nortura Gilde Evanger. Samkoma vart leia av sogelagsleiar Grethe Finsrud Agerlie. Det var 35 personar på festen. Festlyden vart traktert med rjomegraut og spekemat, kaffi og kaker.

Prolog vart halden av Målfrid Tyssen Larsen. Kåseri var ved Kjartan Rødland, med temaet vassvøri og vassvøringane. Der han drog dei lange liner frå det trivielle i grendene til det usannsynlege ved å nemna Knute Nelson og Wesley Hjørnevik sine fotavtrykk i USA.

Kåre Olav Aldal fortalte lagssoga, nemnde alle med namn som har hatt og har ombod i laget, og om oppgåver og hendingar laget har vore gjennom på desse åra. Dette var synkronisert med biletkavalkade som Olav Edal hadde redigert saman.

Vidare var det helsingar og godord frå Åse Eikemo Strømme frå Vaksdal historielag og Knut Farestveit frå Voss sogelag som begge var tilstade. I tillegg hadde dei med helsing frå Mikal Heldal, styreleiar i Hordaland sogelag. Alle formidla dei beundring for medlemstal og aktivitetsnivå i Vassvøri sogelag.

Vedlikehald: Arvid Herfindal har ført tilsyn og utført naudsynt vedlikehald på tavlene laget har ståande rundt om i grendene.

Laget har og tilsyn med Knute Nelson stova, her har det m.a. vore utført slåttearbeid rundt husa.

Evangerlaurdag: Dagen var 31. mai, laget deltok med sal av sokeskrift, Rongen-trilogi og pylsebøker. Veret var ikkje all verden, men det var godt med folk i gata. Det var likevel ikkje mange som vitja sogelaget i heradshuset og det vart ikkje selt ei einaste bok. Styret har difor sett på situasjonen og gjort fylgjande tiltak:

Ein tilbyr «Frå fjell til fjor», alle årgangar for kr. 1 000,- som pakketilbod. Prisen er den same sjølv om kjøpar ikkje ynskjer enkeltårgangar i tilbodet.

Det er kjøpt inn kulepennar og handlenett (type nylon) med påtrykka «Vassvøri sogelag» for å bruka dei i marknadsføring av laget.

Internettsida www.vassvori.sogelag.org: Internett heimesida til sogelaget har lege brakk i fleire år. Laget har no engasjert Trine Mykkeltvedt for å hjelpa oss vidare med heimesida.

Rydding av gangevegen til fjellgarden Akslebjørg:

Den vanlege gangevegen som brukarane på Akslebjørg i si tid nytta til Styve har etter kvart grodd meir og meir til og vorte mindre synleg og vanskelegare framkomeleg.

Laget bestemte seg for å gjera noko med det. Og under leiing av Norvald Lien Mugås møtte ein gjeng opp med motorsag og øks og rydda stien frå Styves-treet til Akslebjørg for buskas, vindfall og rotvelter.

Kulturvandring: Sogelaget tilbød kulturvandring til fjellgarden Akslebjørg den 10. juli kl. 16.30 med biltransport til Styve-stølen og gange der ifrå, på traktorvegen til Akslebjørg. Med retur langs den ny-rydda gangevegen frå Akslebjørg via Fivelsteinen og Styves-treet via Styve Gard til Evanger. 13 personar var med på turen, som gjekk i eit strålande fint ver. På Akslebjørg vart vi møtte av dei nye eigarane, ekteparet Skogrand på bruk 1, som trakterte turgåarane med framifrå kakebakst. Den nye bonden orienterte om bruket og saga til garden.

På vår vandring fortalte Arvid Herfindal om stadar me passerte langs ruta og hendingar i tilknytning til desse.

Sogelagstur/sommartur: Turen har dei seinare åra hatt dalande oppslutnad. Styret bestemte difor og ikkje tilby nokon tur i 2014.

Tingstovekvelven: Som det sikkert vil vera kjent, har eigaren av «samvirkelaget» på Bolstad, Andre Olsen, lagt huset ut for sal. I underetasjen på huset er og Tingstovekvelven. Eit rom som er av stor interesse for sogelaget og som laget har eit tinglyst avtaledokument på. Etter det styret erfarer har det ikkje funne stad noko sal enno. Men styret vil gå i dialog med ny eigar når han er på plass og få til ein best mogleg avtale for kvelven.

Storflaumen 28.oktober 2014: Sjølv ikkje sogelaget slapp unna denne gongen. Heradshuset ligg no ein gong der det ligg. Brannkvelven ligg i kjellaren i huset. Her lagrar laget umistelege papir, sogeskrift-årgangar og annan litteratur og gjenstandar. Lagsfolk såg flaumutviklinga og fekk flytta mykje til høgare nivå. Men ingen kunne tru at flaumen skulle nå slike høgder som han gjorde. Resultatet vart ein del vasstrekte papir og bøker. Mesteparten let seg turka opp att, men eit 40 tals «Frå fjell til fjord» måtte kasserast.

Årsskriftet: «Frå Fjell til Fjord» også i år ute i butikkane i god tid før jul. Skriftnemnda gjer ein framifrå jobb med å formidle lokale soger og historier for ettertida. «Hordaland» sette ny rekord i omtalen av sogeskriftet, presentasjonen dekkja heile sistesida illustrert med stort fargefoto. Og Ottar Bergstad gjer som alltid eit framifrå salsarbeid.

Julemarknad. Det var gjort kjent at det ikkje ville verta nokon tradisjonell julemarknad 2014 på Evanger i regi av kvinne og familielaget. Sogelaget etablerte difor kontakt med Evanger Landhandleri og hadde salsdag av ny-trykte «Frå fjell til fjord» i butikken 2. desember. No viste det seg at ivrige sjeler stabla på beina minijulemesse 9. desember. Frå sogelaget møtte Arvid opp i bedehust og selde «Frå fjell til fjord». I tillegg var sogelaget representert med sogeskrift på julemarknaden i ungdomshuset på Bolstad den 10. desember.

Gjenopning av «Fadnes Bro»:

Brua frå 1928, som kryssar Teigdalselva mellom Fadnestreet og Forvena på fylkesveg 313 i Teigdalen, fekk i 2006 avløyning av ei heilt ny bru på staden. Men gamlebrua vart framleis liggande der, godt gøymt under stålbjelkar og asfaltdekke. Sogelaget har, som tidlegare omtala, i fleire år ivra for å få gamle-brua fram att i ljuset.

Takka vere stor innsats frå byggjeleiar Kåre Olav Aldal i Statens vegvesen, har prosjektet fått tilført dei nødvendige midlar, både frå Statens vegvesen si museumsavdeling og Hordaland Fylkeskommune si kulturavdeling.

«Fadnes Bro» har vorte totalrenovert av utførande entreprenør Opedal og Sønner under byggjeleiar Jostein Lien.

Statens Vegvesen, saman med Vassvøri sogelag, kunne såleis innby til offisiell gjenopningsmarkering av «Fadnes Bro» den 21. august 2014 kl. 12.00 med kaffi og kake.

Sogelagsleiaren fekk æra av å opna brua og klyppa snora, flankert av Kåre Olav Aldal og Jostein Lien. Det var 30 frammøtte.

Kåre Olav Aldal fortalte forsamlinga om brua si historie og denne typen konstruksjonar og om prosessen fram til at brua no står ferdig og bidragsytarane som har gjort prosjektet mogeleg. Museumskoordinator Nils Nonås i Statens Vegvesen helsa frå Vegvesenet.

På nordsida av brua er det sett opp ei fin informasjonstavle i grindbygg, laga av Arvid Herfindal. På tavla er historia til «Fadnes Bro» og Straumabrua hengt opp, ført i pennen av Kåre Olav Aldal, saman med ein engelsk versjon omsett av Svanhild Aldal.

Ein gjer merksam på at «Fadnes Bro» er restaurert til gangferdsle.

Vil og minna om at «Hordaland» si papiravis hadde eit oppslag over fleire sider den 23.08. 2014 om bru-opninga og internettsida «[avisa-hordaland](#)» har heile oppslaget liggjande tilgjengeleg. Statens Vegvesen har ein fin artikkel med fleire bilete om saka på internettsida si «[vegvesen.no](#)»

Bolstadboka: Boka har dei siste åra ikkje vore å få kjøpt over disk. Ved ujamne mellomrom kjem det opp førespurnad etter boka. Styret har vurdert og undersøkt saka, mellom anna har Prenteverket vore konsultert ved fleire høve både vedkomande det trykkjetekniske og ikkje minst det økonomiske aspektet andsynes ei ny-utgjeving. Styret har konkludert og ynskjer å trykkja boka på nytt. Ei autentisk oppatt-trykking og ikkje noko revidert eller korrigerert utgåve. Styret har no sendt ut eit orienteringsskriv om tiltaket til alle forfattarane eller deira etterkomarar. Og som nemnt i Vassvøringen 1-2015 signaliserer styret ein utsalspris i eit leie på kr. 400,- – 500,-. Ein reknar med å ha boka klar for sal til jul 2015.

Utsendingar: Øivind og Guri Teigen møtte som utsendingar frå sogelaget til årsmøtet i Hordaland sogelag.

Evanger skule: Sogelaget ynskjer å vera ein positiv bidragsytar og støttespelar. Laget stiller velvillig opp med sin kompetanse og hjelper til eller formidlar vidare.

Kåseri: Det tradisjonelle kåseriet ein brukar å ha i samband med årsmøtet var sløyfa grunna festsamkoma same kvelden i høve 20 års markeringa.

Takk for innsatsen: desse vart vist merksemd og tildelt kvar sin blom:
Skriftnemnda: Øivind Teigen, Per Eskeland, Knut Hjørnevik og Olav Edal.
Revisorane: Ivar Hernes og Karl M. Bolstad.
Avtroppande i valnemnda: Karl M. Bolstad
Sogeskriftseljar: Ottar Bergstad

Årsmøtelyden vart traktert med kaffi og småkaker.

Tal medlemmer er: 102

Styret i 2014 har vore:

Leiar:.....Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2014
Nestleiar.....Arvid Herfindal, valt for 2 år i 2013
Kasserar.....Svein Mykkeltvedt, valt for 2 år i 2014
Skrivar.....Leif Akerlie, valt for 2 år i 2013
Styremedlem.....Kåre Olav Aldal, valt for 2 år i 2014
Vara.....Kjellaug Århus, valt for 1 år 2014
Vara.....Kåre Tufte, valt for 1 år 2014

Valnemnd.....Guri Teigen (leiar)
Valnemnd.....Per Åge Bolstad
Valnemnd.....Ragna Lønøy Lien

Revisorar.....Ivar Hernes og Karl Magne Bolstad

Elje, 20. mars 2015

Leif Akerlie
-skrivar-